

Tabell 2-k

Innbyggjartilskot til kommunane 2021 (kap. 571, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 11 i tabell C-k). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte, fordi ho blir rekna ut etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 i 2021 for kvar einskild kommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2022. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2021 er viste i innleiingsteksten og er omtalt nærare i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2020. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2021.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyvinga på kap. 571, post 60 er 134 458,3 mill. kroner. Av dette blir 1 366,2 mill. kroner gjeve med ei særskild fordeling, slik at innbyggjartilskot før omfordeling i 2021 er 133 092,2 mill. kroner.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (per 1. juli 2020) til alle kommunane. For 2021 er innbyggjartilskotet før omfordeling 24 761 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-k.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av saker med særskild fordeling i 2021. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærare i tabell C-k.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser fordelinga av samla løyving på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2021, før utrekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2021, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansieringa av ordninga. Utrekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2021, i alt 134 458,3 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-k, kolonne 1.